Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåtfor

Oppskr. av: Lærar Anton Breheim

(adresse): Dymnesøy

Fylke: Hordaland

Herad: Austrheim

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Røter

Dette foret hara ein ikkje greie på her i bygda.

II

Tang og tare

Tang har vore lite bruka som for til kyr her på desse kantar. Det kan berre vera i riklege naudsår ein har grepe til det.

Til grisor vart tang ikkje bruka så lite ei stund.

Tanga vart henta etter kvar og sett i vatn to-tre dagar, så var det slege varmt vatn på ho og blanda saman med anna for. Ikkje alle grisor lika dette foret, og dei som grisane fekk for mykje tang hade fjeskel lag til å verta gulle vart det sagt.

B Tare.

Tare vart frå gamalt av rekna for eit godt for, og ved sida av lyngen vart det rekna for det beste slaget

1809

av hjelpe forel..
Om våren tok lyngjet tie å vetta
brunt, serleg etter ein hard frost
vinter utan snø. Men så kom
våren mange gonger med fint
vêr og smult sjø. og så vor å
reisa etter tare.
Skulle taren vera fin, god og
feit måtte ein komma ytst i hav
skjera og ta han. Eit par gran-
nar slo seg gjerna saman då
for dette var karsarbeid.
Det kunne vera ein drygg ror
på mange timar før ein kom
ut tie dei beste tareplassa-
ne.
Taren vart slegen med ljå. Var
sjøen smul kunne ein leggja
båten heilt inn tie skjeret eller
holmen, og ved fjøra sjö stadein
på land og slo taren og kasta
han i båten.
Ved slike høve var det snart
å lasta ein tarebåt
Men det vor ikkje ved alle høve
at det gjekk så lett. Sjølv om
veret vor fint, kunne det vera
tung undersjø, og då måtte
dem eine mannen andøva
båten. (Halda han på vinden) så
ikkje dragsuget skulle kasta han
mot grunnbrotet og knusa
han. Så måtte han som vor

1809
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 3

i bekskviten passå på kvar gong
det var litt smult, og slå taren
og få han i båten. Dette kunne
vera eit tungt arbeid, og til
sine tider ikkje utan fare.
Taren vart så frakta heim og
kasta på land. Var det lang
veg heim køyrde du han heim
til husa. Fra til sine tider vart
det bruka opp til eit par timar
med hest for å få taren heim
Taren vart bruka på to måtar
Han vart gjeven til dyra med
ein gong, og han vart turka.
Den som vart turka vart bru-
ei stund utover sumaren, og
når kyrne kom heim til grin-
da om kvelden og vart mjølka
fekk dei tare.
Kråter som var vand med
taren frå fyrst av, var galne etter
han. Men fekk ein ei ku frå
ei fjord- eller fjellbygd. så var
det lang tid før ho tok til takke
med taren.
Taren gav mykje mjølk, og stod
langt over lyngel, og vart alle ved
havet rekna for det verdfullaste
av alle naudfôrslag. Men no
er det heilt slutt på tareanking. Det er kring tredeve år
sidan dei siste slutta med
han. so etter det eg har spurt
på er det ingen her i bygda som

1809
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

brukar fare i den siste verdskrigen

III Annet fôr av planter er ukjend

IV Skoste-mokk, ukjend.

V Sörpefôr.

Sörpefôr har vore bruka heilt ved til dei siste tider, og er hjå mange ikkje gått av bruk enno. Sörpa laga ein til i ein Trestamp. Det var ymsa som vart bruka til sörpa. Det var höyfrö, agner, hakka halm, lyng, med mjöl og sume tider mjölk de flöyten var teken av. Dette slo ein varmt vatn over, og det vart rekna som eit godt fôr.
Röynebær vart nytta av somme både til kyr, sauer og höns.

VI Fiskeavfall.

Fiskeavfall har kome mest heilt ut av bruk. Så nære lagen gå all fisk til byen heil eller også levande, så noko avfall vert det ikkje. Men ein gamal mann fortalde meg korleis det var før i tida.
Ut i februar og mars tok torske og seifisket til, og mykje av fisken var verka heime, og da fek ein vel vere på fiskeavfallet som var sers verdfullt.

1809

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Det var serleg ryggbeina og hovudet ein bruka. Dette tredde ein opp på lange stenger og turka det. Austre parten av det som vart bruka vart seld eller bytt bort i smør eller brim, ogå i myse.
Folket ute ved havet hadde visse avtakarar av dette produktet inne i fjordane. Dei bruka det til buskapen etter dei var sleppte til fjells.
Så kom fjell- og fjordfolket roande ut med myse, brim og smør og fekk alt turka fiskeryggjer og hovud.
Elles vart det bruka mykje mussa til krøtera om vintrane. Kvar gardbrukar salta då mange tunner mussa (høysild) til mat åt buskapen, både ku og sau fekk av det.
Men sidan kornetekkfabrikkane kom, vart det slutt med det. Nå kosta ein tunna mussa mest like mykje som ein sekk mjøl.
Det har såleis etter kvart vorte slutt med alt naudfor. Ein kan seia at dei siste treddeve åra har det gått heilt av bruk. Ein og annan har prøvd å halda på det mest til no.

1809
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING